

« DØD, MEN LEVANDE «

Metoderapport

1: Journalist: Geir Rommetveit (for mediehuset «Sunnhordland»)

2: Tittel: « Død, men levande «

(20 sider i magasinet «Mitt Sunnhordland» april 2016)

3: METODE:

a) Utgangspunktet for arbeidet:

22. januar 2013 får eg frå eine dottera mi høyra at hennar ungdomskamerat, Rune Alsaker på Stord, ligg alvorleg sjuk på Haukeland sjukehus etter hjarteinfarkt. Det er svært usikkert om han kjem til å overleva. Det var sjølvstegt trist å høyra, men eg tenkte aldri då at dette kunne vera grunnlag for mediesak.

Eg visste kven foreldra var, og ikkje lenge etter kom eg i kontakt med dei. Då viste det seg at det som hadde skjedd med Rune, utfrå det dei sa, var svært spesielt. Foreldra hadde blitt tilkalla etter at legevaktlegen hadde erkært sonen død. Men ein time seinare oppdagar mora at sonen lever likevell!

b) Kva som faktisk skjedde:

(dette er opplysningar eg har funne etter å ha jobba journalistisk)

Klokka 05.00 lørdag 19. januar 2013 blir Rune Alsaker (35) svært dårleg. Han er i husværet sitt på Stord saman med broren, Eivind. Eivind ringer AMK, og det kjem to ambulanseteam. Dei registrerer hjartestans og koplar på hjartestartar. Legevaktlegen kjem klokka 05.44. Luftambulansen er då på veg frå Haukeland Universitetssjukehus i Bergen. Legen melder klokka 06.01 frå til AMK at dei gir opp å få liv i pasienten. Luftambulansen har meldt frå at dei reknar med å landa nær

husværet om to minutt, men får då beskjed om å snu fordi pasienten er død.

Broren Eyvind ringer til foreldra og fortel at Rune er død. Dei kjører straks til husværet og er der klokka 06.30. Då har politi også blitt tilkalla. Foreldra blir advarte mot å gå inn til Rune, der han ligg død på golvet på soverommet sitt.

Men mora tvingar seg inn; ho vil sjå sonen sin, som ho ikkje heilt klarer å tru er død. «Han har jo ikkje vore sjuk». Ho oppdaga at Rune låg og heiv på seg, der han låg halvnaken med eit røyr i halsen. Ho la han over i stabilt sideleie. Ifølgje mora oppdaga då ambulansfolka at Rune likevel var i live. Legen ringer igjen AMK og seier pasienten lever.

Luftambulansen blir kalla tilbake, Rune blir kjørt til Stord sjukehus og vidare med luftambulanse til Haukeland sjukehus, der han kjem klokka 09.37.....vel fire og ein halv time etter at han fekk hjarteinfarkt, og vel tre og ein halv time etter at legen erklærte Rune død.

c) Mediedekking

Saka fekk litt omtale i Bergens Tidende, VG, NRK Hordaland og lokalavisa «Sunnhordland» same vinteren/våren. Så var det stille til Fylkeslegen tok oppatt saka og då Statsadvokaten krov ny etterforsking. Rune vart aldri intervjuet i media før då Fylkeslegen snudde og meinte legen braut helsepersonellova.

Det at Rune og familien gav meg – og bare meg i media – innsyn i alle rapportar var sterkt medverkande til at eg gjekk i gang med å laga reportasjen, der eg har prøvd å få fram flest moglege sider ved saka, og der eg heile tida har stilt spørsmål ved om legevaktlegen og ambulansfolka har gjort ein god nok jobb.

d) Kva ville eg få svar på?

Som nemnt under punkt a, ville eg finna ut om det faktisk kunne vera tilfelle at legen hadde erklært Rune død ein time før mora finn ut at han lever.

Kva med ambulansfolka og politi som var der, meinte dei og at Rune var død? Kunne dei stadfesta at det var mora som fann at sonen levde?

Kan broren, Eyvind, si narkotikahistorie ha medverka til sviktande behandling av Rune?

Rune fekk sterkt svekka hjartefunksjon etter hjarteinfarkt. I kor stor grad kunne det vore unngått dersom han ikkje var blitt erklært død, men sendt til Haukeland straks?

Fylkeslegen konkluderte med at Rune hadde fått forsvarleg behandling. Først etter at rettsmedisinaren hadde kritisert legen, gjorde fylkeslegen nytt vedtak og konkluderte med at legen hadde brote helsepersonellova. Men fylkeslegen ville ikkje be Statens helsetilsyn vurdere administrativ reaksjon mot legen. Seinare har statsadvokaten i Rogaland sikta legen. Viser dette at legestanden vernar om sine egne meir enn det er objektiv grunn til?

e) Korleis eg utvikla og organiserte det journalistiske arbeidet

Då dette skjedde med Rune, var eg i arbeid som regissør ved Pandora Film i Bergen. Eg var fullt oppteken med andre prosjekt der. Men eg heldt jamnt kontakt med foreldra til Rune og Rune sjølv etter at han vart frisk nok til det. Dei var svært positive til meg og mi interesse, og dei signaliserte klart at dei ikkje ville gå til nokon media for å få ut sin versjon. Eg prøvde på ingen måte å hindra dei i det, for eg visste at eg ikkje – på kort tid – ville vera i stand til å få publisert deira historie eller meir omfattande sak om det som hadde skjedd. Men utpå våren 2014 laga eg planar, saman med andre i filmselskapet, for å laga TV-program om det Rune og familien hadde opplevd. Då brukte eg deler av arbeidstida på dette. Me gjorde nokon opptak med Rune og mora. I tillegg var me ved Modum Bad, då Rune var der, og intervjuar avdelingsleiar Gro Nore.

Då eg sa opp i filmselskapet og flytta frå Bergen til Stord, hadde me ennå ikkje fått avtale med nokon TV-kanal om å produsera program om Rune. Dermed vart det ikkje noko av TV-produksjon. Men mi interesse for temaet var ikkje mindre av den grunn, og eg hadde fått god kontakt med Rune, mora, faren, broren og advokaten.

Etter at eg flytta til Stord, var eg delvis lærarvikar og delvis (sjølvvalgt) utan jobb. Eg gav ikkje heilt opp det å kunna laga sak i media om det som hadde skjedd med Rune, og eg prøvde jamnt å få kontakt med legevaktlegen som hadde erklært han død, ambulansefolka (som eg kjende frå miljøet på Stord) og legar ved Haukeland sjukehus. Det viste seg at ingen av desse ville uttala seg så lenge det ikkje var avklart om legen kom til å bli straffa eller ikkje. Etter at Statsadvokaten i Rogaland sikta legen for forsett eller grov aktløyse, var det umogleg å få nokon av partane i tale. Då såg det mørkt ut med tanke på å få laga mediesak, i alle fall før ei eventuell straffesak var avslutta.

Men Rune sjølv hadde då friskna såpass til, og var provosert av behandlinga, slik at han nærast ba meg om å prøva å få til noko. Eg innsåg at eg var nøydd til å basera meg på Rune sjølv, familien og advokaten hans. Men det ville jo gi eit veldig lite objektivt bilde av saka, og eg var ikkje lysten på å laga sak som bare var basert på uttalar frå offeret. Så korleis skulle eg få tilgang til legen, ambulansefolka, luftambulanslegen, Haukeland-legane, fylkeslegen og andre?

Eg var heilt avhengig av å få innsikt i alle rapportane som var laga heilt frå 19. januar 2013 og fram til mars 2016, då eg laga reportasjen. Eg vart nekta innsikt i slike rapportar både frå Helse Fonna, Haukeland og Fylkeslegen.

Den einaste som kunne hjelpa meg med det, var Rune sjølv. Han – og mora, som hadde stått for mykje av korrespondansen med helsevesenet – gav meg kopiar av alt dei hadde som kunne vera relevant.

Dei hadde også utskrift frå lydloggen til AMK-sentralen i Helse Fonna. Denne hadde eg prøvt å få ut på band (lyd) frå Helse Fonna, men dei nekta. Eg klaga, og då var argumentet at det var så vanskeleg å henta det ut. Eg klaga igjen, og då var argumentet at det ville måtta følgja med så mykje anna, som eg ikkje hadde lov til å få innsikt i. Etter at det vart klart at eg ikkje kom til å laga TV-program om dette, gav eg opp å klaga meir.

I februar 2015 starta eg i eit årsvikariat i mediehuset «Sunnhordland». Heile det året heldt eg kontakt med Rune, familien og advokaten. Eg prøvde også å få meir ut av legane, men dei stod fast på ikkje å la seg intervjuja før legevaktlegen eventuelt var reinvaska av rettsvesenet.

Våren 2016 skulle «Sunnhordland» gi ut det første av fire årlege magasin. Eg foreslo å laga lengre reportasje om Rune, og fekk god tid i februar og mars det året for å laga reportasjen. Eg hadde ikkje med meg andre på det, men vart sterkt oppmoda av kollegaer når dei forstod kva som hadde skjedd med Rune. Foto er i hovudsak av Marius Knutsen i «Sunnhordland» og fotografar i Pandora Film.

Rune hadde sjølv rett på å få utskrift av lydloggen frå den spesielle morgonen, og dermed fekk eg tak i den via han. Lydloggen fann eg så verdfull at den er gjengitt over ei heil side i artikkelen.

f) Metodar og kjelder

I hovudsak har eg basert meg på skriftlege kjelder, og då rapportar frå både helsepersonell, politi og Rune, broren, mora og faren. Dessse var eg altså heilt avhengig av Rune sjølv for å få tak i. Eg tok mange telefonar og sende mange mailar til dei eg visste hadde hatt med Rune å gjera i samband med hjarteinfarkt, men ingen ville la seg intervjuja. Eg har også brukt mailar advokaten har sendt til ulike instansar innan helse-, politi- og rettsvesen.

Eg vende meg flerie gonger til legevaktlegen for å få hans veersjon munnleg. Men han ville ikkje kommentera noko som hadde med saka å gjera. Dermed hadde eg bare hans rapport av 16.febr. 2013 som grunnlag for å sitera han.

Eg kontakta kommunelegen i Stord for å høyra om hendinga fekk nokon følgjer for denne legevaktlegen, og fekk til svar at det fekk det ikkje. (Denne legen har framleis vakter i Stord).

Alle forsøk på intervju med andre representantar for politi- og helsevesen var også forgjeves.

Intervju har eg gjort med Rune, mora, faren, broren Eyvind og advokat Paul Rynning. I tillegg fekk eg intervju med advokat Kjell Steinsbø, som fungerte som støtte for Rune og familien umiddelbart etter hjarteinfarkt.

Då eg skulle laga sjølve reportasjen, var det klart at den måtte bli ei blanding av utdrag frå rapportar og intervju med Rune og dei rundt han.

g) Kjeldekritikk

I og med at det i denne reportasjen er bare eine parten som uttalar seg munnleg og direkte til journalisten, er det stor fare for at det blir ei skeiv framstilling. For meg var det svært viktig at det med eventuell rusbruk ikkje vart dyssa ned, i og med at både legevaktlegen og ambulansefolka var kjende med at broren Eyvind hadde ei lengre narkotikahistorie – og at det var nemnt narkotikabruk i rapporten frå legevaktlegen. Like viktig var det då å sjå om det i rapportar frå Haukeland stod noko om narkotikabruk, men det gjorde det ikkje.

I og med at rapportar frå personar innan politi og helsevesen må reknast som truverdige, meiner eg det må gå an å stola på desse, og dermed kunna gi att innhaldet i dei.

g) Utfordringar

Eg kjenner svært mange personar på Stord og snakka med mange om det som hadde skjedd med Rune. Det var tydeleg at dei fleste som hadde høyrte om hendinga trudde det var narkotika som var årsaka. Difor unnskyldte dei legen og ambulansefolka. Fleire sa at dei stolte på at dei lokale ambulansefolka gjorde ein god jobb; «dei har jo hjelpe så mange i mange situasjonar». Legen var det svært få som visste kven var (og namnet hans har ennå ikkje vore offentleggjort. Han ba oss om heller ikkje å skriva namnet hans i reportasjen).

Det at mange visste at broren Eyvind brukte narkotika, og at han var hos Rune då det skjedde, var tydelegvis grunnlaget for folk si oppfatning. Dermed vart det mi utfordring å gå grundig inn og finna ut om

narkotikabruk var årsaka til at Rune fekk hjarteinfarkt. Dersom lesarane skulle ha tillit til reportasjen, måtte eg ikkje leggja skjul på Eyvind sitt forhold til bruk av narkotika. Då vart det viktig å få Eyvind sjølv i tale, og det var ikkje mindre viktig å få fram fakta om kva Rune eventuelt hadde innteke.

Broren, Eyvind, var heile tida innstilt på å kunna står fram med sin versjon. Han var blitt kraftig provosert av det som skjedde, og dessutan motivert for å få fram at Rune ikkje hadde gjort noko gale.

Men foreldra, og særleg faren, var svært lite lysten på at Eyvind skulle bretta ut om narkotikabruk i lokalavisa. Etter at eg hadde diskutert dette eindel med foreldra, gjekk dei med på at det var ok at Eyvind sin versjon også kom med (noko dei i ettertid også ser var rett).

Rune sjølv har brukt lang tid på å restituera seg etter det kraftige hjarteinfarkt som førte til kraftig svekka hjartefunksjon og problem med fleire organ. Han har i åra etter den traumatiske opplevinga slite med depresjon og angst i periodar. Dermed har det vore utfordrande for han å klara heile tida å sjå for seg ein lengre reportasje med han i avisa. Me har brukt ein god del tid på samtalar om dette. Eg har nok til tider pressa på meir enn han har likt. Rune fekk sjå gjennom reportasjen før han vart publisert, og heldigvis har han i ettertid gitt uttrykk for at det var greitt. Men eg følte ofte at eg måtte balansera hårfint mellom mitt sterke ønskje om å laga reportasje og det å ta omsyn til at det ikkje skulle bli endå verre enn det var for Rune.

h) Følgjer

Det er ennå ikkje avgjort om legen blir tiltalt, og det er heller ikkje avklart kva erstatning Rune Alsaker får frå Pasientskadenemnda. Men både påtalemakta, Pasientskadenemnda og advokaten har vist interesse for – og brukt reportasjen frå magasinet.

Stord 10.01.2017

Geir Rommetveit